

Sverdsvingande sport

Kunne du tenka deg å svinga eit ekte tveegga stålsverd? To gonger i veka vender rundt 20 gutar og jenter tilbake til barndommen.

Tekst: **BÅRD OPSANGER**

Det klirrar skarpt kvar gong metall møter metall på ungdomshuset 1880. Likevel er assosiasjonane til diverse Conan-filmar ikkje så sterk. Ringbrynje og lærsandalar er bytta ut med susp, tannbeskyttar og joggesko frå Nike. Og i staden for krigsrop etter ein forlengst avdøyd gud høyrer ein latter og forteljingar om strabasane i helga. Men stålet dansar like friskt gjennom lufta, utan blod vel og merka.

ALLE LEM I BEHALD

– Er alle lemmene i behald hos dei som driv på med dette?

– Tryggleiken kjem først, men det vil vel vera å lyga å sei at det ikkje finns skadar. Det er likevel ingen, eller iallfall veldig få som skader seg på sverdet. For det meste er ein plaga med senebetennelsar og overtrakk, seier Thomas Nyløkken, hovudinstruktør for dei «Frie duellister». Han fortel at dei «Frie Duellister» er ei form for kulturhistorisk sverdfekting, som byggjer på manualar frå 1300-talet og framover.

EKSOTISK KAMPIDRETT

Dei tretten frammøtte denne søndagen er byrja å sveitta.

– Merkeleg nok er det alltid færre her på søndagane, seier instruktøren Lars Jørgen Myking, med eit lite flir. Han observerer nybyrjarane sine kampteknikkar med tresverd.

– Første semester er det berre tresverd, sverdet kan faktisk gjera temmeleg stor skade sjølv om det ikkje er skarpt seier han, mens nybyrjarane held på med basisblokkeringar.

Det er no omtrent eit år sidan han og Nyløkken starta denne retninga av vestleg sverdkamp i Bergen, ved å bruka delar av studielåna sine.

Nyløkken fortel at dei var mest opptekne av sverdet og teknikkane, og valde derfor å starta denne greina, som ein rein kampsport. I motsetning til den historiske retninga som gjenskaper store slag med tradisjonelle kledningar.


– Dette er noko som ikkje alle gjer, det er god trening, gøy og dessutan litt meir eksotisk enn andre kampsportar.

– Fungerer det bra som sjekketriks?

– He he, no har no eg sambuar, så det er eg ikkje så sikker på. Men mange gutar har jo gode barndomsminner med liknande assosiasjonar, så det fungerer kanskje betre for jenter? lurar Nyløkken.



Instruktør Thomas Nyløkken, instruerer dei meir erfarne i gruppa i det ein kallar systematisert teknikktraining. Akkurat her gjeld det å hugge mest korrekt. FOTO: MARTE VIKE ARNESEN



Sverda varierer i kvalitet, men du får, i følgje instruktørane, eit godt sverd for rundt 1500 kroner. Dessutan kan du spesialbestilla lettare og meir balanserte sverd, men ein må då ha stort tolmod då leveringstida er eit halvt til to år og prisen noko høgare. FOTO: MARTE VIKE ARNESEN